



PENGLING OG BULYST I HARDANGER

Pelle Engesæter

ideas2evindence-rapport 8/2017

Framsidedfoto (stort): Omaholmen
Foto: Dahle/Reisemål Hardanger Fjord.
Lite framsidedfoto: Med løyve frå Hordaland fylkeskommune

PENDLING OG BULYST I HARDANGER

ideas2evidence-rapport 8:2017

Utarbeidet av ideas2evidence ved Pelle Engesæter på oppdrag frå Hardangerrådet.

ideas2evidence rapport 8/2017

ideas2evidence
Villaveien 5
5007 Bergen
post@ideas2evidence.com
Telefon: 918 17 197
www.ideas2evidence.com

Bergen, november 2017

ISBN: 978-82-93181-55-2

Forord

Rapporten er utarbeida på oppdrag frå Hardangerrådet. Føremålet med rapporten har vore å undersøka kvifor Hardingar vèl å bu i Hardanger og pendla til ein arbeidsplass utanfor regionen.

Undersøkinga er basert på elektronisk spørjeskjema til pendlarar, andre relevante forskingsrapportar og registerdata frå Statistisk sentralbyrå. I tillegg er eit mindre tal pendlarar blitt intervjuet via telefon.

Rapporten er utarbeida med tanke på å bli presentert på Hardangerkonferansen 2017 i Norheimsund.

Kontaktperson hos Hardangerrådet har vore dagleg leiar Jostein Eitrheim.

Rapporten er utarbeida av Pelle Engesæter hos ideas2evidence. Kollega Olav Bjørnebekk har medverka med tilrettelegging av spørjeskjema.

Bergen, november 2017

Pelle Engesæter

Innhald

Forord 4	
Dei viktigaste funna	8
1 Innleiing	10
1.1 Stoda.....	10
1.2 Problemstilling.....	10
1.3 Metode	11
1.4 Utval	11
1.4.1 Siling	11
1.4.2 Kjenneteikn ved utvalet.....	12
1.4.3 Representativitet.....	13
1.5 Kort om pendling og stadattraktivitet	14
1.5.1 Kva er pendling?	14
1.5.2 Pendling – ein strategi for å bu der ein ønskjer	14
1.6 Identitet og attraktivitet.....	14
2 Kva statistikken fortel.....	16
2.1 Folketal i Hardangerkommunane	16
2.2 Næringsstruktur i Hardangerkommunane	17
2.3 Pendling i dag	18
2.3.1 Arbeidsmarknadsintegrasjon	18
2.3.2 Pendlingstraumar	18
3 Kva undersøkinga fortel	20
3.1 Kven er pendlarane?	20
3.1.1 Utdanning.....	20
3.1.2 Demografiske trekk	21
3.1.3 Sektor- og næringstilknyting	21
3.2 Utpendling heng saman med den regionale arbeidsmarknaden.....	22
3.3 Mykje utpendling til Bergen og Voss.....	22
3.4 Familie, natur og trygt oppvekstmiljø	24
3.5 Livsfase	25
3.6 Kultur, tenester og varehandel	27
4 Avslutning.....	32
4.1 Den eksistensielle Harding og den pragmatiske Harding.....	32
4.1.1 «Eg veit kor eg høyre til»	32
4.1.2 «Kommunane er lite flinke til å halde på kompetansen»	32
4.2 Kort resymé	33
4.2.1 Pendling.....	33
4.2.2 Bulyst	34
4.3 Refleksjon	34
Referansar	36

Dei viktigaste funna

- **Det er viktigare å bu i Hardanger enn å arbeide der**

Dei som pendlar ut av Hardanger gjer dette anten av di dei ikkje får relevant arbeid der dei bur, eller har ein meir attraktiv jobb utanfor regionen, samstundes som dei av ulike årsaker vel å bu i Hardanger. Det er ein større del som svarer at dei pendlar ut av regionen av di dei «har jobb utanfor Hardanger» enn av di dei «ikkje får relevant arbeid i Hardanger». Det er vidare ein noko større del kvinner enn menn som pendlar av di dei ikkje får relevant arbeid i Hardanger, men det er samstundes ein større del menn som pendlar av di dei har ein meir attraktiv jobb utanfor regionen. Svarfordeling kan peika i retning av at kvinner i noko større grad enn menn ikkje så lett finn arbeid i Hardanger.

- **Natur og familie veg tyngre enn tilgang på varer og tenestar**

Pendlarar legg meir vekt på fysiske og sosiale tilhøve ved bustadkommunen enn tilgang på varer og tenester for kvifor dei vel å bu i Hardanger. Ein indikasjon på dette er at pendlarar i større grad vektlegg «vakker natur» og «trygge oppvekstmiljø» som viktige for bulysta, enn tilhøve knytt til kulturtilbod, tenestetilbod og varehandel.

- **Menn mellom 30 og 60 pendlar mest**

Dei som pendlar ut frå Hardanger i hovudsak er menn og kvinner mellom 30 og 60 år, men det finst og pendlarar i tidleg 20-åra og seint i 60-åra. Snittalderen for menn som pendlar ut er 46 år. Snittalderen for kvinner er 43 år. Menn jobbar i privat sektor, kvinner i offentleg sektor

Mannlege pendlarar, som òg utgjer majoriteten (61%) av pendlarane, arbeider i hovudsak innan industri, oljeutvinning og bygg og anlegg. Pendling til Nordsjøen utgjer ein vesentleg del av desse arbeidsreisene. Kvinnene arbeider innan helse og sosialfag, undervisning og offentleg administrasjon. Mange av desse reisene går til Voss frå Granvin og Ulvik.

- **Pendlarar har høg utdanning**

Dei som pendlar ut frå Hardanger har eit langt høgare utdanningsnivå enn kva ein finn i regionen sett under eitt. (Det same gjeld i endå større grad for dei 33 i innpendlingsutvalet.) Om lag halvparten av pendlarane som pendlar ut frå Hardanger har universitets- eller høgskuleutdanning på mellom eitt og tre år. Kvinnene har vesentleg høgare utdanning enn menn. 27 prosent av kvinnene har universitets- eller høgskuleutdanning, medan berre 13 prosent av mennene har dette.

- **Dei fleste pendlar til Bergen, Voss og Nordsjøsokkelen**

Det Bergen, Voss og sokkelen (Nordsjøen) som tek i mot flest pendlarar frå Hardanger. Dei største pendlarstraumane går til nabokommunar eller næraste større arbeidsmarknad (Bergen og Voss), med unntak av Odda som har sokkelen som største utpendlingsområde. Det er typisk ein stor del pendlarar frå Granvin og dels Ulvik til Voss.

- **Dei fleste innpendlarar kjem frå Voss og Bergen**

Om lag halvparten av dei 33 innpendlararrespondentane som svarte på undersøkinga kjem frå Voss og pendlar til anten til Granvin eller Ulvik. Resten kjem i hovudsak frå Bergensområdet og Sunnhordland. Desse tala samsvarar med SSB sine pendlartal.

Det er 15 kvinner og 18 menn blant innpendlarane. Innpendlarane som svarte på undersøkinga har jamt over høgare utdanning enn både hardingar og dei som pendlar ut - og dei jobbar for det meste innan offentleg administrasjon, undervisning, helse- og sosialsektoren og industri.

Sju av dei 33 som pendlar inn til Hardanger ønskjer å flytta til Hardanger.

1 Innleiing

Kapittelet presenterer kort bakgrunn for og føremål med undersøkinga, data- og informasjonsinnhenting, samt kjenneteikn ved utvalet.

1.1 Stoda

Ved utgangen av 2016 var det registrert i alt 11069 *sysselsette med bustad i Hardanger* (SSB). Av desse hadde 1896 personar arbeidsplassen sin utanfor Hardanger, og har status som pendlarar. Dette utgjer 17 prosent av alle sysselsette i regionen. Til samanlikning så har Voss 16 prosent utpendling, men både Hardanger og Voss har lite utpendling jamført med t.d. Bjørnefjorden (Os, Samnanger og Tysnes) og Nordhordland som har utpendling på høvesvis 46,6 prosent og 36,8 prosent. Det var ved utgangen av 2016 registrert 9890 *sysselsette med arbeidsplass* i Hardanger (SSB).

Arbeidstakarar som har arbeidsplass utanfor eigen kommune vert definerte som pendlarar, anten arbeidsreisa går til nabokommunen Voss eller til ei boreplattform i Nordsjøen. Sidan det i dette oppdraget er utpendling frå Hardanger som er i fokus, ser vi her bort frå pendling *mellom* kommunar i Hardanger. For nokre av pendlarane er arbeidsreisa gjort unna på under 30 minutt – same lengd som mange reiser innan eigen kommune for å koma til arbeid. For andre inneber pendlinga fråvér frå familie og vener over lengre tid, og for somme vil pendlinga «berre» tyda ei arbeidsreise på ein times tid kvar veg.

Undersøkinga skil ikkje mellom dagpendling (som mellom Granvin og Voss) og langpendling med overnatting (som mellom Odda og arbeid på sokkelen i Nordsjøen).

1.2 Problemstilling

I samband med at Hardangerkonferansen 2017 skal arrangerast i Kvam 15. og 16 november, ynskte Hardangerrådet å presentere ein rapport om emnet «Bukvalitet i Hardanger» under konferansen.

Hardangerrådet la følgjande til grunn: «Vi tenkjer at det vil vera av stor interesse for oss å få fram kva bukvalitetar som gjer at mange vel å bu i Hardanger og arbeida utanfor regionen. Særskilt interessant er det å få svar frå innflyttarar som ikkje har familietilknytning eller anna binding til Hardanger.»

Hardangerrådet bad ideas2evidence om å gjennomføra ei undersøking som vil gje svar på følgjande: Kvifor vel ein å bu i Hardanger og jobbpendla ut av regionen? Undersøkinga vart utvida til òg å omfatta arbeidstakarar som pendlar inn til Hardanger. På grunn av få svar frå pendlararar *inn til* Hardanger - og følgjeleg med lite grunnlag for generalisering, vil rapporten ha fokus på dei som pendlar ut frå Hardanger. Denne gruppa er òg den viktigaste med omsyn til temaet; kvifor bu i Hardanger og pendla til arbeid utanfor regionen?

1.3 Metode

Kunnskapsgrunnlaget for undersøkinga er basert på følgjande kjelder:

- Nettbasert spørjeskjema retta mot 1) personar som bur i Hardanger og som pendlar ut av regionen, og 2) personar som pendlar inn til kommunar i Hardanger utanfrå regionen
- Intervju med eit lite utval pendlarar busett i dei sju kommunane i Hardanger
- Registerstatistikk frå SSB

Undersøkinga vart kunngjort gjennom annonsar i følgjande aviser:

- Hordaland Folkeblad (Kvam): Nettannonsering i perioden 22. – 29. august 2017
- Hardanger Folkeblad (Odda): Papiirutgåve 8.september 2017
- Hordaland (Voss): Nettannonsering i perioden 25. – 31. august 2017

Annonsa retta seg både mot dei som pendlar ut av Hardanger og dei som pendla inn til regionen. Dei som var interesserte i å ta del i undersøkinga vart bedne om å gå inn på Hardangerrådet si heimeside og klikka seg inn på spørjeundersøkinga gjennom ei lenke. Hardangerrådet sendte òg ut lenka til alle kommunane i Hardanger som la det ut på sine heimesider. Det vart også sendt ut direkte oppmoding til mellom anna Team Hardanger om å spreie informasjon om undersøkinga. Hardangerrådet hadde nyhendesak på www.hardanger.com 13.september 2017.

Hardangerrådet har hatt ansvaret for annonsar og har lagt til rette for lenke til spørjeundersøkinga på eiga nettside – www.hardanger.com.

Spørjeundersøkinga var basert på sjølvrekruttering, og dei som svarte på spørjeskjemaet og kan definerast som pendlarar, utgjer utvalet. Ei klar svakheit med denne framgangsmåten er at det berre er dei som las dei aktuelle lokalavisene dei dagane annonsa sto som utgjer rekrutteringsgrunnlaget, samt dei som hadde tilgang på PC, smarttelefon eller nettbrett. Dette kunne føra til at t.d. langtidspendlarar som ikkje var heime eller andre som ikkje las avisa på dei aktuelle tidspunkta, ikkje fekk høve til å delta.

Respondentane kunne kryssa av for at dei kunne kontaktast for eit oppfølgjande telefonintervju. Vi tok kontakt med eit mindre utval og gjennomførte korte telefonintervju. Føremålet med intervjuet var å få nyansert kunnskapsgrunnlag om kvifor dei vel å bu i Hardanger og pendla ut av regioen.

1.4 Utval

1.4.1 Siling

Til saman 222 personar har svart på invitasjonen om å delta i undersøkinga. Av desse er 45 innpendlarar og 177 utpendlarar. Respondentar som kryssa av for at dei verken pendla ut av eller inn til Hardanger, eller som oppgav andre grunnar enn arbeid for å «pendla» ut av eller inn til Hardanger (som t.d. hytte på Kvamskogen eller kjæraste i Hardanger) vart tekne ut. Ved gjennomgang fann vi til dømes 11 personar i denne kategorien blant dei som svarta at dei pendlar inn til Hardanger. Desse vart tekne ut frå undersøkinga. Tilsvarande vart 4 personar som opplyste at dei «pendla» for å gå på skule eller studera utanfor Hardanger, tekne ut.

Etter utsiling av dei som ikkje er å rekna som pendlarar i høve til definisjonen over (m.a. skuleelevar og studentar), utgjer utvalet 171 utpendlarar frå Hardanger og 33 som pendla inn til Hardanger.

1.4.2 Kjenneteikn ved utvalet

Alle sju Hardangerkommunar er representerte i utvalet for utpendlarar. Den største kommunen, Kvam (8423 innb.) har flest personar i utvalet med 65, medan dei små pendlarkommunane Granvin og Ulvik har kvar for seg 25 og 26 personar i utvalet. Til samanlikning har Odda med nesten 7000 innbyggjar «berre» 26 personar i utvalet. Svarfordelinga speglar langt på veg pendlingsaktiviteten i kommunane i Hardanger. Dette går fram av tabell 1.1.

Tabell 1.1 Utpendlarutvalet

Kommune	Tal	Prosent
Eidfjord	7	4,1
Granvin	25	14,6
Jondal	5	2,9
Kvam	65	38,0
Odda	26	15,2
Ullensvang	17	9,9
Ulvik	26	15,2
Total	171	100,0

Dei små kommunane Granvin og Ulvik er sterkt overrepresenterte i utvalet, men har samstundes prosentvis flest pendlarar i regionen. Den største (Kvam) og den minste kommunen (Eidfjord) er representerte i utvalet med høvesvis 38 og 4 prosent, noko som er i samsvar med kommunane sin del av folketalet i Hardanger. Den andre store kommunen i regionen, Odda som utgjer om lag 31 prosent, er underrepresentert med sine 15 prosent. Det same er Ullensvang og Jondal – men i mindre grad. Dette er vist i tabell 1.3.

Tabell 1.2 Innpendlarutvalet

Område	Tal	Prosent
Bergensområdet	6	17,6
Voss	14	41,2
Bjørnefjorden	3	8,8
Sunnhordland	6	17,6
Annan kommune:	5	14,7
Total	33	100,0

Om lag halvparten av dei 33 innpendlarar-responentane kjem frå Voss og pendlar til anten til Granvin eller Ulvik. Resten kjem i hovudsak frå Bergensområdet og Sunnhordland. Det er 15 kvinner og 18 menn blant innpendlarane. Dei 33 innpendlarane som svarte på undersøkinga har jamt over høgare utdanning enn både hardingar og dei som pendlar ut - og dei jobbar for det meste innan offentleg administrasjon, undervisning, helse- og

sosialsektoren og industri. Det er berre 7 av dei 33 som ønskjer å flytta til Hardanger.

I alt 23 prosent av pendlarane i utvalet har budd i kommunen heile livet, medan 33 prosent er tilbakeflyttarar.

Tabell 1.3 Utpendlarutvalet jamført med registerbasert utpendling

	Kvam	Granvin	Ulvik	Eidfjord	Ullensvang	Odda	Jondal
Innbyggjarar per 1.1.2017	8423	933	1131	921	3377	7025	1108
Syssette med bustad i kommunen per 4.kv. 2016	4049	485	540	505	1641	3325	524
Pendla ut frå Hardanger per 4.kv. 2016	746	211	163	99	240	350	87
Prosentvis utpendling frå Hardanger i høve til syssette busett i kommunen	18,4	43,5	30,2	19,6	14,6	10,5	16,6
Del av folketalet i Hardanger (N=22918)	36,8	4,1	4,9	4,0	14,7	30,7	4,8
Del representert i utvalet	38	14,6	15,2	4,1	9,9	15,2	2,9

Seks av 10 i utvalet er menn. Jamført med populasjonen (som òg omfattar dei som pendlar mellom kommunar i Hardanger) er dette ein liten underrepresentasjon av menn. Dette går fram av tabell 1.4. Medan menn utgjer dei fleste pendlarane i alle kommunane, varierer kjønnsfordelinga i utvalet. Jondal (med sine 5 respondentar), Odda og Ullensvang har ei overvekt av menn i utvalet i høve til pendlarpopulasjonen, medan dei fire restarande kommunane har ei overvekt av kvinner.

Tabell 1.4 Fordeling av menn og kvinner i utval og populasjon.

	Utval %			Pendlarpopulasjon %*		
	Menn	Kvinner	N	Menn	Kvinner	N
Jondal	60	40	5	60	40	182
Odda	77	23	26	68	32	419
Ullensvang	76	24	17	64	36	628
Eidfjord	71	29	7	67	33	163
Ulvik	54	46	26	63	37	207
Granvin	11	14	25	60	40	250
Kvam	60	40	65	72	28	796
Hardanger	61	39	171	67	33	2645

*) Kjelde: SSB. Inkluderer pendlarar mellom kommunar i Hardanger.

Utvalet har jamt over høgare utdanning enn hardingar flest. Om lag halvparten har universitets- eller høgskuleutdanning på mellom eitt og tre år.

1.4.3 Representativitet

Utvalet utgjer 9 prosent av dei 1886 arbeidstakarane som pendla ut frå Hardanger per 4. kvartal 2016¹. Med andre ord har nesten ein av ti pendlarar svart på undersøkinga. Spørsmålet er om svara utvalet har gjeve vil gjelda for alle pendlarar i Hardanger som pendlar ut av regionen.

Faktorar som talar for:

- Alle kommunar er representerte
- Utvalet har om lag same kjønnsfordeling som populasjonen
- Utvalet pendlar i stor grad til dei same områda som populasjonen

Faktorar som kan tale i mot:

- Utvalet på 171 personar er lite, og det tillét i lita grad nedbryting av utvalet på undergrupper for vidare analyse.
- Utvalet har eit særst høg utdanningsnivå i høve til kva ein finn i Hardanger. Vi kjenner ikkje til utdanningsnivået til pendlarpopulasjonen, men vi ser det som sannsynleg at ein finn ein stor del med utdanning utover det som er vanleg blant arbeidstakarar som pendlar ut av ein region vil. Dette kan t.d. vera som ein følge av eit mishøve mellom tilbod og etterspurnad på denne marknaden og kor pendling kan vera ei løysing.

¹ Til samanlikning var det i alt 2645 arbeidstakarar som pendla i Hardanger om ein reknar med dei 749 som pendla mellom kommunar i regionen. Det er i mindre kommunar med få arbeidsplassar ein finn dei største delane som pendlar mellom kommunar i Hardanger, som til dømes i Ullensvang der 388 pendla av totalt 628 pendla til andre kommunar i regionen – dei fleste til Odda.

Vi konkluderer med at utvalet er representativt på regionnivå. Det vil seia at når Hardanger utgjer eininga (og ikkje kommunane), vil svarfordelingane vera representative for populasjonen. Når utvalet vert brote ned på til dømes kommunar vil det ikkje vera representativt for pendlarar i dei respektive kommunane, men data kan likevel verta nytta med varsemd.

1.5 Kort om pendling og stadattraktivitet

1.5.1 Kva er pendling?

Pendling vert som regel definert til å omfatta arbeidsreiser mellom to kommunar. Det formelle grunnlaget for å verta rekna som pendlar er at du skattar til ein annan kommune enn der du arbeider. I denne undersøkinga vert denne forståinga av pendling nytta, noko som inneber at t.d. reiser ut av kommunen og Hardanger for å gå på skule eller studera ikkje tel som pendling.

Ein skil gjerne mellom pendling der ein reiser til og frå arbeid same dagen – dagpendling - og pendling som krev overnatting over kortare eller lenger tid (t.d. vekependling eller pendling til Nordsjøen med 14-dagars turnus). Dagpendling vil i dei fleste tilhøva omfatta pendling innan ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion, noko som for Hardanger sin del vil omfatta nabokommunar som Voss, Samnanger og Kvinnherad.

Det er vanleg å rekna 45 minutt som akseptert reisetid mellom bustad og arbeidsplass, uavhengig om ein kryssar ei kommunegrense eller ikkje. Det er likevel slik at ein gjerne aksepterer ei lengre arbeidsreise om arbeidsplassen er attraktiv – og/eller det ikkje finst tilsvarende relevant arbeid nærare der ein bur.

1.5.2 Pendling – ein strategi for å bu der ein ønskjer


Folk pendlar gjerne av di det ikkje finst relevant arbeid der dei bur, og/eller av di dei har utdanning eller kompetanse dei ikkje får nytta i bukommunen. Pendling kan for mange vera ein strategi for å unngå å flytta ved at ein kan bu der ein ønskjer å bu og samtidig ha arbeid (Julsrud & Langslet 2013). Motiva for å pendla vil variera frå individ til individ og må verta sett i samanheng med både den lokale og regionale arbeidsmarknaden, eigen kompetanse og jobbpreferansar, tilknytning til bukommunen og bumiljøet (som sosiale relasjonar og slekt) og andre trekk som gjer bukommunen attraktiv som ein stad å bu og leva (Sørliie 2009; Grimsrud & Aure 2013). Avgjerda om å flytta eller pendla er såleis teken på bakgrunn av ei meir eller mindre rasjonell avveging mellom sosiale og økonomiske kostnadar knytt til pendling og å flytta nærare arbeidsstaden. Ei slik avveging er sjølv sagt lettare for einslege enn for husstandar med to yrkesaktive og born i skulepliktig alder.

1.6 Identitet og attraktivitet

Stadattraktivitet dreier seg om fysiske og sosiokulturelle eigenskapar ved ein stad, tilhøve som medverkar til å skapa stadidentitet og gjera staden meningsfylt for den einskilde og for grupper av individ - eller sagt slik; fylla staden med menneske, hendingar, relasjonar, natur, bygningar, næringsstruktur, osb. og som til saman gjer at ein stad får ein identitet både for dei som bur der og dei som ikkje bur der (men som kjenner til staden). Implisitt i ei slik forståing er at ein og same stad både vil ha identitet knytt til einskildindivid av di vi alle har våre personlege erfaringar og tolkingar av

staden, og til ei meir felles forståing av kva som utgjer den spesielle staden (sjå t.d. Aure, Berg, Cruickshank og Dale 2015; og Relph 1986). Til dømes er identiteten til Hardanger sterkt knytt til natur (fjord og fjell), fruktdyrking, bunadar (postkort med bunadskledde hardingar), kultur (tradisjon) og for nokre; industri (Odda, Tyssedal, Ålvik).

Eit ønske (motiv) om å flytta til ein stad – eller eit ønske om å verta verande på staden, handlar i stor grad om kor attraktivt eit geografisk område, eller ein stad, står fram for den einskilde eller for husstanden samla, vægd opp mot andre viktige faktorar som tilgang på arbeid eller tilgang på sosiale relasjonar.



Figur 1.1 Tilhøve som verkar inn på val av kvar ein ønskjer å bu

Det vil som regel vera ein kombinasjon av fleire forhold som verkar inn på kvar ein vel å bu. Dette kan vera eigenskapar ved sjølve staden (som varetilbod, kulturtilbod, tenestetilbod, estetikk), området han ligg i (natur- og kulturtilhøve) og kor staden ligg i høve til næraste by eller større stad. For mange spelar nærleik til familie og vener ei stor rolle, medan andre legg kanskje meir vekt på nærleik til natur og friluftaktivitetar. Livsfase vil òg gje preferansar for kva som er viktig for å trivast på staden ein bur.


Flyttstudiar (Skjeggedal m.fl. 2001; Engesæter og Fredriksen 2020; Sørlie 2009; Ruud m.fl. 2014) og studiar på stadutvikling (Vareide m.fl. 2013) viser at attraktivitetsfaktorar som trygt oppvekstmiljø, barnehage- og skuletilbod, kulturtilbod, stadutforming, møteplassar, samt ein adekvat arbeids- og bustadmarknad, er både viktige føresetnader og motiv for å tenkja flytting og for å iverksetja tanken om å flytta. For tilbakeflyttarar og for andre med tilknytning til staden kan òg familie og kjende på staden verka inn som «føresetnad» og/eller «flyttemotiv».

2 Kva statistikken fortel

Kapittelet syner relevant statistikk frå Statistisk sentralbyrå/statisstikk.ivist.no om folketal, næringsstruktur og pendling. Gjennomgangen utgjer eit statistisk bakteppe for kapittel 3.


2.1 Folketal i Hardangerkommunane

Hardanger er den einaste regionen i Hordaland som har færre innbyggjarar i 2017 enn i 1990. Det er særleg kommunane vest for Bergen (Vest) som har opplevd ein kraftig vekst i folketalet i perioden, men det har vore god vekst òg i Sunnhordland, Nordhordland og Bjørnefjorden. Voss og Osterfjorden på si side har berre hatt ein liten folketalsauke. Innflytting frå utlandet (arbeidsinnvandrarar og flyktningar) har utgjort ein vesentleg del av folketilveksten i alle kommunar i fylket, inkludert Bergen.



Figur 2.1 Folketalsutvikling per 1.januar i regionar i Hordaland, eks. Bergen, 1990-2017.

Ved inngangen til 2017 var det registrert 22 918 personar med bustadadresse i Hardanger. Av desse var 8423 registrerte i Kvam og 7025 i Odda, dei resterande 7470 er fordelte på Ullensvang, Ulvik, Jondal, Granvin og Eidfjord. Folketalsfordelinga per 1. januar 2017 er vist i figur 2.2 under.




Figur 2.2 Folketalet i Hardangerkommunane per 1.januar 2017.

2.2 Næringsstruktur i Hardangerkommunane

Næringsstrukturen i ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion set på mange måtar vilkåra for pendling ut av og inn til regionen. Med næringsstruktur tenkjer ein her på dei arbeidsplassane og arbeidstilbod ein finn i regionen. I teorien vil såleis stor grad av samsvar mellom næringsstruktur og kompetansen til arbeidstakarane i regionen (balanse mellom tilbod og etterspurnad), gje grunnlag for pendling ut av regionen. Og motsett, liten grad av samsvar mellom næringsstruktur og kompetanse vil gje grunnlag for storstilt utpendling frå regionen.

Næringsstrukturen i Hardanger er i stor grad prega av ein høvesvis stor offentleg sektor og av primærnæringer. Odda skil seg på mange måtar ut med ein stor del verksemder innan industri og nesten fråvær av primærnæringer. Ulvik, Eidfjord og Ullensvang har ein høvesvis stor del verksemder knytt til overnatting og servering. Det er gjennomgåande få verksemder innan forretningsmessig tenesteyting i Hardanger. Dei som finst er i stor grad lokaliserte til regionsentra Kvam og Odda, men Granvin har òg ein høvesvis stor del forretningsmessig tenesteyting.




Figur 2.3 Næringsstruktur i Hardangerkommunane 2017. Kjelde: NHO Kommunebarometeret/SSB

2.3 Pendling i dag

2.3.1 Arbeidsmarknadsintegrasjon

Kommunane i Hardanger er i liten grad integrert i ein felles arbeidsmarknad. Dette viser tal frå NHO sitt *Kommune NM* frå 2016. Alle kommunar, unntateke Granvin, ligg under landssnittet og snittet for Hordaland. Arbeidsmarknadsintegrasjon vert rekna ut på bakgrunn av innpendling i prosent av sysselsette etter arbeidsplass, pluss utpendling i prosent av sysselsette etter bustad. Ein slik måte å rekna på favoriserer små kommunar med kort reisetid til ein stor kommune, og disfavoriserer kommunar som Kvam og Odda omgitt av mindre kommunar og som ligg utanfor ein større arbeidsmarknadsregion. Det er verd å merkja seg at dei to kommunane som får høgast skår på arbeidsmarknadsintegrasjon, Granvin og Ulvik, begge er nabokommunar til Voss og har stor utpendling til Voss. Dei utgjer ein felles bu- og arbeidsmarknad med Voss, noko både Ullensvang og Eidfjord til ein viss grad òg gjer.

Den svake regionale arbeidsmarknadsintegrasjonen skuldast i hovudsak lang reisetid mellom kommunane og ein avgrensa arbeidsmarknad som ikkje er like attraktiv eller relevant for alle yrkesaktive i regionen. Samstundes er bulysta stor blant mange Hardingar.



Figur 2.4 Arbeidsmarknadsintegrasjon: Innpendling i prosent av sysselsette etter arbeidsstad, pluss utpendling i prosent av sysselsette etter bustad. Talgrunnlaget er frå 2016. Kjelde: NHO Kommune NM/SSB 2016

2.3.2 Pendlingstraumar


I 2016 pendlar i alt 1896 personar ut av Hardanger (statistikk.ivist.no/SSB). Talet er lågare enn i dei føregåande åra der særleg 2013 merkar seg ut med stor utpendling. Det er Bergen og Voss, samt «landet elles», inkludert *nordsjøsockelen*, som har flest utpendlarar frå Hardanger. I 2016 var det t.d. 117 personar frå Kvam som pendla til sockelen. Medan utpendling til Bergen har minka sidan 2010, har utpendlinga til Voss vore meir skiftande i same periode med ein topp i 2013 med 372 pendlarar.

Tabell 2.1 Pendlingstraumar ut av og inn til Hardanger. Kjelde: statistikk.ivist.no/SSB

Utpendling til:	Sunn- hordaland	Voss	Bjørne- fjord	Bergen	Hordaland elles	Roga- land	Landet elles*	Totalt
2016	115	319	75	509	60	223	595	1896
2015	108	297	70	545	61	245	674	2000
2013	129	372	51	585	64	298	691	2190
2010	149	248	53	596	67	243	652	2008
Innpendling til:	Kvam	Granvin	Ulvik	Eidfjord	Ullensvang	Odda	Jondal	2016
2016	312	46	51	22	76	187	23	717
2015	321	42	58	20	64	174	18	697
2013	424	42	70	36	81	216	29	898
2010	381	53	66	21	151	225	38	935

*) Inkludert Nordsjøsokkelen. I 2016 arbeidde 227 hardingar på sokkelen.

Det generelle biletet er at pendlinga ut av og inn til Hardanger har mindre omfang i 2016 enn i dei føregåande åra. Skilnaden er særleg stor mellom 2013 og 2016. Dette har mest truleg samanheng med at pendling har ein tendens til å ha størst omfang i tider med gode konjunkturar, og minst i tider når næringslivet opplever dårlege tider. Grafen under viser korleis pendlingsstraumane i hardangerkommunane var høvesvis i 2013 medan gode tider rådde på vestlandet, og i 2016 då mange næringar sleit på vestlandet. Dei fleste kommunane hadde større ut- og innpendling i 2013 enn i 2016.



Figur 2.5 Ut- og innpendling til hardangerkommunar i 2013 og 2016.

3 Kva undersøkinga fortel


Kapittelet gjer greie for dei viktigaste funna frå spørjeundersøkinga og intervjua. Gjennomgangen omfattar berre dei som bur i Hardanger og som pendlar ut frå regionen. Kapittelet har fokus på bumotiv og årsaker til / motiv for å pendla ut frå Hardanger. Det er Hardanger som er i fokus for gjennomgangen.

3.1 Kven er pendlarane?

3.1.1 Utdanning

Dei som pendlar ut frå Hardanger har eit langt høgare utdanningsnivå enn kva ein finn i regionen sett under eitt. (Det same gjeld i endå større grad for dei 33 i innpendlingsutvalet.) Om lag halvparten av pendlarane som pendlar ut frå Hardanger har universitets- eller høgskuleutdanning på mellom eitt og tre år. Kvinnene har høgare utdanning enn menn. Dette er særst tydeleg når det kjem til dei som har høgare universitets- eller høgskuleutdanning; der 27 prosent av kvinnene har dette, medan berre 13 prosent av mennene.

Vi strekar under at det er noko uvissa knytt til om utdanningsnivået til dei som inngår i undersøkinga (utvalet) er representativt for alle som pendlar ut frå Hardanger. Dette skuldast at vi ikkje har hatt tilgang til tal på utdanningsnivået til dei 1886 arbeidstakarane som er registrerte med arbeidsplass utanfor Hardanger (jf kap.1.4.3)². Vi finn likevel grunn til å hevda at pendlarar i Hardanger i snitt har eit høgare utdanningsnivå enn kva ein elles finn i regionen. Dette ikkje minst av di Hardanger har eit etter måten lågt utdanningsnivå jamført med andre regionar i Hordaland.



Figur 3.1 Utdanningsnivå blant pendlarar jamført med Hardanger sett under eitt.

² SSB har ikkje kombinasjonen pendlar og utdanningsnivå på sine opne nettsider. Sidan vi ikkje har hatt tilgang til registerdata for pendlarar kan vi av den grunn ikkje kontrollere utvalet mot dette med tanke på representativitet.

3.1.2 Demografiske trekk

Dei som pendlar ut frå Hardanger er i hovudsak menn og kvinner mellom 30 og 60 år, men det finst òg pendlarar i tidleg 20-åra og seint i 60-åra. Snittalderen for menn som pendlar ut er 46 år og for kvinner 43 år. I følgje SSB utgjer menn 67 prosent av alle pendlarar i Hardanger, inkludert dei som pendlar *mellom* kommunar i regionen. I vårt utval utgjer menn 61 prosent.

Kvinnene er sysselsette i offentleg sektor i større grad enn mennene, medan menn i større grad enn kvinner soknar til privat sektor. Kvinnene arbeider innan helse/sosial, undervisning og offentleg administrasjon. Mennene arbeidar innan industri- og oljeutvinning, bygg og anlegg og offentleg administrasjon.

3.1.3 Sektor- og næringstilknytning

Det høge utdanningsnivået blant pendlarar i utvalet skuldast at dei i stor grad har stillingar som krev dette. Dette gjeld innan helsevesenet, undervisning og offentleg administrasjon. Det gjeld til ein viss grad òg innan industri (inkl. oljeutvinning). Vi finn det rimeleg at dette òg i stor grad vil gjelda for mange av dei som pendlar ut.

Mannlege pendlarar (som òg utgjer majoriteten av pendlarane) arbeider i hovudsak innan industri og oljeutvinning, og innan bygg og anlegg. Pendling til Nordsjøen utgjer ein vesentleg del av desse arbeidsreisene. Kvinnene, på si side, arbeidar innan helse og sosialfag, undervisning og offentleg administrasjon. Mange av desse reisene går til Voss frå Granvin og Ulvik. Eit interessant poeng her er at det, blant dei 33 i innpendlarutvalet, òg er ein stor del med same næringstilknytning både blant menn og kvinner. Dette kan tolkast som at det går føre seg ei krysspendling mellom kommunar i Hardanger og nabokommunar (Voss) innan offentlege stillingar i administrasjon, undervisning og helsefag.

Dei fem største pendlarnæringane er viste i tabell 3.1. Den klårt største er industri og oljeutvinning, ei næring som er tydeleg mannsdominert. Som omtalt ovanfor så fordelar kvinnene seg i all hovudsak på næringar innan offentleg sektor. Vi finn god grunn til å tru at denne fordelinga i stor grad vil samsvara med fordelinga blant pendlarar generelt (jf kap. 1.5 om representativiet).

Tabell 3.1 Dei fem største pendlarnæringane

	Mann	Kvinne	I alt	N
Industri og oljeutvinning	26,4	1,6	17,1	29
Bygge- og anleggsverksemd	17,0	1,6	11,2	19
Helse- og sosialtenester	2,8	23,4	10,6	18
Undervisning	4,7	20,3	10,6	18
Offentleg administrasjon	6,6	15,6	10,0	17

Tre av fire menn som pendlar ut jobbar i privat sektor, og tre av fire kvinner som pendlar ut jobbar i offentleg sektor. Vel halvparten av pendlarane jobbar innan privat sektor.

3.2 Utpendling heng saman med den regionale arbeidsmarknaden

I eit mobilt samfunn som det norske er arbeidsreiser over kommunegrenser ikkje uvanleg, og det er truleg det mest vanlege i mange regionar. Ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion er kjenneteikna med arbeidsreiser mellom kommunar i regionen. Dei som pendlar ut av Hardanger gjer dette anten av di dei ikkje får relevant arbeid der dei bur, eller har ein meir attraktiv jobb utanfor regionen, samstundes som dei av ulike årsaker vel å bu i Hardanger. Pendling vil vere den einaste løysinga for arbeidstakarane som ikkje for jobb i heimkommunen og som ikkje kan tenke seg ein annan stad å bu.

Det er ein større del som svarer at dei pendlar ut av regionen av di dei «har jobb utanfor Hardanger» enn av di dei «ikkje får relevant arbeid i Hardanger». Det er vidare ein noko større del kvinner enn menn som pendlar av di dei ikkje får relevant arbeid i Hardanger, men det er samstundes ein større del menn som pendlar av di dei har ein meir attraktiv jobb utanfor regionen. Dette går fram av tabell 3.2.

Tabell 3.2 Kvifor pendle ut av Hardanger

Eg pendlar ut av Hardanger av di eg:	Menn	Kvinner	Totalt
Får ikkje relevant arbeid i Hardanger, men ønskjer å bu i Hardanger	25 23 %	25 36 %	50 28 %
Har jobb utanfor Hardanger, men ønskjer å bu i Hardanger	71 66 %	37 53 %	108 61 %
Annan årsak:	12 11 %	8 11 %	20 11 %
Tal totalt	108 100 %	70 100 %	178 100 %

Svarfordeling kan peika i retning av at kvinner i noko større grad enn menn ikkje så lett finn arbeid i Hardanger (eigentleg innanfor det dei reknar som bu- og arbeidsmarknadsregionen). Dette vil truleg vera situasjonen for arbeidstakarar i små kommunar som er nabo til ein stor kommune med ein mykje større arbeidsmarknad. Vi gjer merksam på at det kan vera ein glidande overgang mellom dei to svaralternativa i tabellen.

3.3 Mykje utpendling til Bergen og Voss

Det er Bergen, Voss og Nordsjøen (sokkelen) som tek i mot flest utpendlarar frå Hardanger. Tabell 3.3 viser korleis utpendlinga frå Hardanger i hovudsak fordelar seg på «mottakarar» basert på data frå undersøkinga og Statistisk sentralbyrå (SSB). Den andre kolumna i tabellen viser svarfordelinga frå spørjeundersøkinga, den tredje kolumna viser kor stor del av pendlarane frå kommunen dette gjeld og den fjerde kolumna viser område basert på registerstatistikk frå SSB.


Av dei 171 pendlarane som har svart på undersøkinga, har 67 (40 %) arbeidsstaden sin i Bergen, 49 (28%) i Voss og 17 i Nordsjøen (10 %). Dette samsvarer òg med kva pendlingsstatistikken i kapittel 2 viste.

Tabell 3.3 Kommunesvis: Kvar dei fleste som pendlar ut av Hardanger pendlar til.

Bustadkommune*	Kommune/stad dei fleste i utvalet pendlar til	Del av utvalet	SSB statistikk
Eidfjord (7)	Voss (2)	27 %	Voss
Ulvik (26)	Voss (18)	69 %	Voss
Granvin (25)	Voss (20)	80 %	Voss
Kvam (67)	Bergen (49)	75 %	Bergen/Nordsjøen
Jondal (5)	Fleire stadar	Fleire stadar	Bergen/landet elles
Odda (26)	Nordsjøen (11)	42 %	Nordsjøen/Rogaland
Ullensvang (17)	Voss (7)	41 %	Voss
Hardanger (171)	Bergen (67)	39 %	Nordsjøen
	Voss (49)	29 %	Bergen
	Nordsjøen (17)	10 %	Voss
*) Utval i parentes		**) Tal som pendlar i parentes	

Det er interessant å merka seg at Ulvik og Granvin har nesten like mange med i utvalet som den mykje større kommunen Odda. Dei to kommunane har til saman 51 respondentar i utvalet, noko som utgjer 44 prosent av utvalet. Dette biletet reflekterer den faktiske situasjonen i dei tre kommunane. Det er, ikkje uventa, ein stor del pendlarar i små kommunar (med få arbeidsplassar) som grensar opp mot eller ligg nær større kommunar med mange arbeidsplassar. Ulvik og Granvin er to typiske små utpendlarkommunar med akseptabel reisetid til ein større arbeidsmarknad – her Voss. Det tek i dag under 30 minutt med bil frå Granvin til Voss og om lag 50 minutt frå Ulvik - ei reisetid dei fleste truleg vil akseptera for å kunna bu der ein ønskjer å bu. Odda er ein større kommune med mange arbeidsplassar med mindre trong for utpendling, samstundes som kommunen ligg utanfor akseptert dagpendlingsavstand for dei fleste til andre større arbeidsmarknader. Ein slik situasjon favoriserer langtidspendling, til dømes til sokkelen (Nordsjøen) eller til andre delar av landet.

Ei arbeidsreise på mellom 20 og 30 minutt er å rekna som kort, og vert definert som pendling berre av di arbeidstakaren kryssar ei kommunegrense (dvs at ein har arbeid i ein annan kommune enn den ein skattar til). Arbeidsreiser som dette kunne sjølv sagt like gjerne funne stad innan ein kommune, men ville då ikkje ha vorte definert som pendling. Eit poeng her er at når Voss og Granvin går saman til ein kommune, vil dei som bur i Granvin ikkje lenger verta rekna som pendlarar om dei har arbeidsreise til Voss.




Figur 3.3 Kart som viser dei største pendlingstraumane ut frå Hardanger

3.4 Familie, natur og trygt oppvekstmiljø

Undersøkinga viser at folk vel å bu i Hardanger mykje av same grunn som folk vel å bu i andre distriktsregionar; ein vil bu i landlege omgjevnader, i vakker natur, og gjerne nær familie – og ein ønskjer trygge og gode oppvekstmiljø for barn og unge. *Familietilknyping* utgjer ein viktig grunn for mange til å bu i Hardanger. Det å kunna bu nær slekt og familie er for mange ein viktig grunn for å verta buande der ein bur eller flytta attende til oppvekstkommunen eller –regionen (sjå m.a. Grimsrud og Aure 2013). Slik tilbakeflytting skjer typisk etter avslutta utdanning eller når ein ventar familieauke og ønskjer seg «trygge og gode oppvekstmiljø» og gjerne nærleik til besteforeldre eller anna slekt som kan vera barnepassarar. Ønskje om eit trygt og godt oppvekstmiljø for barn er då òg blant dei tre tilhøva som fekk flest treff – saman med «glad i natur og friluftsliv». Fordelinga samsvarer godt med kva andre studiar av pendling, bulyst og flyttemotiv viser (Sørliie 2009; Julsrud & Langslet 2013; Ruud & Schmidt 2014).

Dei tre faktorane er ikkje like viktige for alle; til dømes er det ein større del kvinner enn menn som svarer dei «ønsker eit trygt og godt oppvekstmiljø for barn». Ei av kvinnene som vart intervjuja uttalte at eit trygt og godt oppvekstmiljø i Hardanger (og nær familie) var så viktig at ho gjerne pendla om lag 70 minutt kvar veg. Når barnet flyttar ut av heimen, vurderer ho sterkt å flytta til den kommunen arbeidsplassen ligg i – om ho då ikkje finn ein tilsvarende jobb der ho bur.




Figur 3.4 Dei tre viktigaste grunnane til å bu i Hardanger. N=159

Det er ein noko større del menn som legg stor vekt på familietilknytning som bumotiv, medan det er like stor del kvinner som menn som bur i Hardanger av di dei er glade i natur og friluftsliv. Det kan tenkjast at menn i større grad enn kvinner ønsker (eller kjenner at dei må) ta over gardsbruket til familien, og av den grunn kryssar av for å «bu nær familie». I dag er det ikkje uvanleg at gardsdrift vert kombinert med andre yrker, t.d. arbeid i Nordsjøen.

3.5 Livsfase

Generelt vil motiva for å bu der ein bur ofte spegla respondentane sin livssituasjon eller livsfase. Hushald med barn legg som regel meir vekt på det fysiske og sosiale oppvekstmiljøet enn hushald som ikkje har barn, og dei med slekt i Hardanger legg gjerne vekt på dette som ein grunn til å bu der – eller for å flytta attende for å koma nær slekt. Tilbakeflyttarar utgjer ein viktig ressurs for distriktskommunar. 40 prosent av mennene og 29 prosent av kvinnene i utvalet har flytta attende til Hardanger etter nokre år i utlegd. Det er vidare slik at i ein region med mykje tilgjengeleg natur og friluftsmoglegheiter som Hardanger, vil det òg vera naturleg at ein stor del svarer at det er eit gode ved å bu der – og som eit viktig flyttemotiv for tilbakeflyttarar (Grimsrud og Aure 2013).

Når respondentane vart bedne om å vurdere kva kvalitetar som for dei er viktige for å bu i Hardanger, så får «vakker natur» og «moglegheiter for friluftsliv» den høgaste snittskåren med 4,5 på ein femdelt skala (sjå figur 3.5), tett fylgt av «trygt og godt oppvekstmiljø» med ein snitt på 4,3. På fjerdeplass kjem «familietilknytning», men her er det noko større spreiding på svarfordelinga enn for «3 på topp-kvalitetane». Alder og livsfase er òg her vesentleg for kva ein vurderer som viktig. Men, det er uansett ikkje store skilnadane på snittfordelinga for desse tilhøva.



Figur 3.5 Vurdering av kvalitetar ved å bu i Hardanger. Etter alder. Skala frå 1 til 5, der 5=Stemmer svært godt og 1=stemmer svært dårleg.

Svarfordelinga i figur 3.5 speglar i stor grad kva alder, og med det gjerne kva livsfase, pendlarane er i når dei vurderer tydinga av fysiske og sosiale tilhøve for bulyst. Sjølv om det ikkje er store skilnader på gjennomsnittsvurderinga til aldersgruppene, så skil dei under 30 år seg ut med å vera noko meir samde i påstandane om kva som er viktig for bulyst, enn dei to eldre aldersgruppene. Dei to mest markante skilja (heller ikkje dei er store) finn ein, ikkje uventa, på tydinga av «trygt og godt oppvekstmiljø» og på «prisnivå på bustad». Svargivinga her er i stor grad knytt til kva fase i livet respondentane er i. Det er verd å nemna at prisnivå på bustadar ser ut til å ha liten innverknad på bulysta når ein ser utvalet under eitt.

Det er som omtalt ovanfor heller små skilnader mellom korleis menn og kvinner vurderer fysiske og sosiale tilhøve knytt til bulyst. Dette går òg fram av figur 3.6. Det er interessant at kvinner og menn har såpass like vurderingar av kva som er viktig for at dei skal trivast på ein stad; både kvinner og menn vurderer tilhøve som vakker natur og moglegheiter for friluftsliv høgt, det same gjeld trygt og godtoppvekstmiljø som viktig. Kvinner legg i snitt litt meir vekt på vener og prisnivå på bustad, medan menn legg i snitt litt meir vekt på familietilknytning som faktor for bulyst. Men skilnadane er små og det er alltid knytt ei viss uvisse til svarfordeling i undersøkingar som dette³.

³ Det er òg slik at hadde vi stilt andre spørsmål omkring kva fysiske og sosiale tilhøve som er viktige for at ein skal trivast på ein stad, kunne svarfordelingane vorte annleis.



Figur 3.6 Vurdering av kvalitetar ved å bu i Hardanger. Etter kjønn. Skala frå 1 til 5, der 5=Stemmer svært godt og 1=stemmer svært dårleg.

3.6 Kultur, tenester og varehandel


Når ein spør folk om kor nøgde eller misnøgde dei er med noko, vil svaret som regel variera etter alder, kjønn, livsfase, kva ein er van med, kor ein bur, osv.. Dette gjeld òg i høgste grad spørsmål om offentlege tenestetilbod, kulturtilbod og varetilbod i kommunen der ein bur. Pendlarane vart bedne om å vurdere på ein skala frå ein til seks i kva grad dei var samde/usamde i sju påstandar om tenestetilbod, kulturtilbod og varetilbod der ein bur. Føremålet med dette var å få ein indikasjon på kor viktige slike tilhøve er for bulysta til dei som pendlar ut.

Følgjande påstandar vart gjevne:

- Kulturtilbodet i min kommune er godt
- Eg kan lett oppsøkja kulturtilbod i andre kommunar i Hardanger
- Varetilbodet i min kommune er godt
- Eg kan lett koma meg til andre stader i Hardanger for å handla
- Eg gjer alle større varekjøp utanfor Hardanger
- Det offentlege tenestetilbodet i min kommune er godt
- Eg kan gjera bruk av tenestetilbodet i andre kommunar i Hardanger


Undersøkinga viser at pendlarane er sånn passe nøgde med tenestetilbodet, kulturtilbodet og varetilbodet i kommunen sin. Det går fram av figur 3.7 som viser snittvurderingar av påstandane ein skulle ta stilling til; den høgaste snittvurderinga på ein skal frå 1 til 5 ligg på 3,7 og den lågaste på 2,7. Det er størst oppslutning om at «tenestetilbodet i min kommune» er godt, og lågast på at ein kan nytta offentlege tenester i andre kommunar i Hardanger. Svarfordelinga speglar truleg i første rekkje

kva livsfase pendlaren er i, men òg til ein viss grad alder (fig.3.8) og kjønn (fig.3.9). Dei under 30 år er noko *mindre nøgde* med dei fleste tilboda enn dei eldre (N=17), og – noko overraskande - at kvinner er noko *meir nøgde* enn menn. Merk at det er få under 30 år i utvalet (N=17), og følgjeleg uvisse knytt til svara.




Figur 3.7 Vurdering av påstandar knytt til kulturtilbod, tenestetilbod og varehandel. Gjennomsnittsvurdering på ein skala frå 1 til 5, der 5=Stemmer svært godt og 1=stemmer svært dårleg.

Det er relativ stor spreiring i vurderinga av kvar einskild påstand, noko som òg er naturleg sidan vi her ser alle kommunane under eitt. Dette går fram av tabell 3.4. Medan kommunestorleik og geografi generelt ikkje er så viktig med omsyn til fysiske og sosiale tilhøve som omtalt ovanfor, så kan dette spela ei større rolle når det kjem til tilgang på tilbod og tenester. Undersøkinga viser likevel ikkje eit eintydig bilete, men tendensen er at dei som bur i større kommunar som Kvam og Odda, eller nær ein større kommune, er noko meir nøgde enn andre. Men skilnadane er små og mange bur i eller nær ein kommune med akseptabelt nivå på tenester og tilbod.



Figur 3.8 Vurdering av påstandar knytte til kulturtilbod, tenestetilbod og varehandel. Gjennomsnittsvurdering på ein skala frå 1 til 5, der 5=Stemmer svært godt og 1=stemmer svært dårleg. Etter alder.

Det er visse skilnader mellom menn og kvinner, og mellom aldersgrupper i korleis dei vurderer tilgang på tilbod og tenester. Det mest markante er at dei under 30 år i større grad enn andre «gjer alle større varekjøp utanfor Hardanger» og at dei òg lett kan koma seg til andre stader i Hardanger for å handla. Dette, vil vi tru, kan henga saman med at denne aldersgruppa gjerne er meir mobil enn dei som er eldre og kanskje i større grad er bundne av familieforpliktingar som gjer dei mindre mobile.



Figur 3.9 Vurdering av påstandar knytte til kulturtilbod, tenestetilbod og varehandel. Gjennomsnittsvurdering på ein skala frå 1 til 5, der 5=Stemmer svært godt og 1=stemmer svært dårleg. Etter kjønn.

Undersøkinga peikar i retning av at kulturtilbod, varetilbod og det offentlege tenestetilbodet i kommunen er viktig, men ikkje veldig viktig for pendlarane. Sagt på ein annan måte; det er ikkje på grunn av tenester og tilbod dei bur der dei bur. Dei aksepterer truleg at slike tilbod ikkje kan vera like gode i ein distriktskommune som i meir sentrale kommunar og større byar, men dei veg dette i mot andre tilhøve med å bu der dei bur. Det er ovanfor vist at tilhøve som natur, familie og gode oppvekstvilkår har stor tyding for bulysta til pendlarane.

Biletet vert nyansert i tabell 3.4. som viser at pendlarane har dels særskilte vurderingar av tilboda i kommunen sin. Det er, som nemnt ovanfor, heilt naturleg sidan pendlarar har ulike behov og preferansar og såleis òg vurderer dei lokale tilboda ulikt. Sett under eitt er det høgast oppslutnad om «noko samd» og «verken eller» på dei fleste påstandane (det vil seia dei har kryssa av for høvesvis 4 og 3 på den femdelte skalaen). I tabellen er tala i den femdelte skalaen omgjorde til kategoriane «heilt samd», «noko samd», «verken eller», «noko usamd» og «heilt usamd»⁴.

Svarfordelinga som vist i tabellen verkar rimeleg når ein tenkjer på at dei fleste kommunane i Hardanger er små kommunar som ikkje kan tilby «bystandard» på tenester og tilbod. Unnataket er kvaliteten på offentlege tenester der mindre kommunar gjerne skårar høgt. Det er òg påstanden om at «tenestetilbodet (off.tenestar) i min kommune er godt» som fekk høgast gjennomsnittsskår.

Tabell 3.4 Vurdering av påstandar knytte til kulturtilbod, tenestetilbod og varehandel. Prosentfordeling. (N=171/172)

	Heilt samd	Noko samd	Verken eller	Noko usamd	Heilt usamd
Kulturtilbodet i min kommune er godt	20	34	27	16	2
Eg kan lett oppsøka kulturtilbod i andre kommunar i Hardanger	16	38	26	12	8
Varetilbodet i min kommune er godt	18	29	23	19	10
Eg kan lett koma meg til andre stader i Hardanger for å handle	21	37	19	15	8
Eg gjer alle større varekjøp utanfor Hardanger	17	28	16	24	15
Det off.tenestetilbodet i min kommune er godt	25	38	23	12	2
Eg kan gjere bruk av tenestetilbodet i andre kommunar i Hardanger	5	16	44	19	16

⁴ Ei omdanning av skala til kategoriar kan diskuterast då respondentane ikkje har teke stilling til dei respektive kategoriane vi i ettertid har laga, men til ein talskala frå 1 til 5 (der ytterpunktene har namngjevne kategoriar). Vi finn dette likevel å vera heller uproblematisk sidan vi reknar med at dei fleste vil tenkja i desse fem kategoriane når dei svarer på spørsmåla.

4 Avslutning

Kapittelet viser først to døme på pendlarar med ulik haldning til «bulyst» og til pendling, den eine kan vi kalla eksistensiell bulyst, den andre pragmatisk bulyst. Kapittelet har deretter eit kort resymé av gjennomgangen i kapittel 3. Avslutningsvis presenterer vi 3 refleksjonar eller spørsmål vi sit att med etter gjennomgangen. Desse er meint for vidare refleksjon og drøfting.

4.1 Den eksistensielle Harding og den pragmatiske Harding

4.1.1 «Eg veit kor eg høyre til»

«Eg veit kor eg høyre te» svara ei ung kvinne med teknisk utdanning kontant, på spørsmål om kvifor ho pendla 1 time og 40 minutt kvar dag for å kunne bu der ho «høyre til». Kvinna er einsleg tilbakeflyttar etter å ha flytta ut for å ta utdanning og ha arbeidd nokre år i «utlegd». Ho la stor vekt på at der ho var fødd og vaks opp, ville ho også bu som vaksen. Pendling er for henne ei midlertidig løysing for å få dette til. Ho trivest ikkje med pendlartilværet, men er innstilt på å halde fram med det til det til ho får jobb nærare bustaden, helst i heimekommunen.

Det denne unge kvinne uttrykker er ei form for *eksistensiell stadtilknytning* som omfattar mykje meir enn berre eit ynskje om å bu der og arbeide der.

For denne kvinne var det ikkje «trygt og godt oppvekstmiljø» og «natur» som var dei uttalte årsakene til å ville bu i Hardanger, men snarare ei kjensle av å *høyre til* på ein stad. Det har med tilhøyrslø å gjere, men og med kva ein interesser ein har som ein kan få utøve på staden. Tilhøyrslø til ein stad vert danna gjennom dei røymsler, minne, relasjonar og aktivitetar den einskilde har knytt til dei stadspesifikke sosiale og fysiske omgjevnadane. Dette er ei heilskapleg forståing av staden som omfattar så vel relasjonar, familie og vener, kvardagsliv, naturomgjevnadar, bygde omgjevnadar og som til saman er med å gje heimstaden ei serleg tyding for folk. På godt og vondt - og i ulik grad.

Andre vi intervjuar var inne på mykje det same; kvalitetar med oppvekstkommunen gjer at dei ønskjer å bu der sjølv om dei per i dag ikkje har arbeid der. Slike kvalitetar er i stor grad subjektive, dei handlar om korleis folk oppfattar og opplever dei sosiale og fysiske omgjevnadane sine. Det kan såleis vere at dei som ikkje likar desse omgjevnadane er dei som flyttar ut, og dei som likar dei blir verande att eller vel å flytte attende.

4.1.2 «Kommunane er lite flinke til å halde på kompetansen»

Ein vesentleg del av utpendlarane frå kommunar i Hardanger har høgare utdanning. Mange av desse pendlar relativt kort veg til ein nabokommune utanfor Hardanger – som regel Voss. Andre pendlar til Bergen, og då helst frå Kvam som ligg nærast byen i reisetid. Andre att pendlar endå lenger, til Stavanger eller andre delar av landet. Desse er per definisjon langpendlarar og dei færraste er dagpendlarar. Det tillèt ikkje topografi og veginfrastruktur på Vestlandet.

Dei som har ein arbeidsreise på over ein time kvar veg, tek truleg denne reisa av di dei anten har ein attraktiv jobb å reise til – eller av di dei ikkje får jobb med kortare reisetid. Vi veit frå andre undersøkingar at det ofte er arbeidstakarar med serskilt kompetanse som pendlar, som regel frå distriktskommunar til meir sentrale kommunar og byar. Dette heng truleg saman med mangel på

attraktive kompetansearbeidsplassar i distrikta, eller at dei kompetansearbeidsplassane som finst er små og fragmenterte. Det fører til at kompetansen anten vel å pendle til ein større arbeidsmarknad eller å flytte dit arbeidet er. Kva ein vèl heng i stor grad saman med familiesituasjon og livsfase. Kan det vere at kommunane i Hardanger er lite flinke til å tenke langsiktig med omsyn til å etablere kompetansearbeidsplassar som kan fange opp potensielle kompetanseutflyttarar? Dette kan dei til dømes gjere gjennom interkommunale samarbeidstiltak der nabokommunar kan etablere større fagmiljø i staden for å ha små eller ingen fagmiljø i kvar av kommunane.

Ei av pendlarane vi intervju hevda at «...kommunane er lite flinke til å tenka langsiktig. Det er mange kvinner med kompetanse som kommunane burde ta vare på. Det er viktig å behalde ressursane i kommunen.» Ho peikte i denne samanheng på at kommuneadministrasjonen som regel er den største arbeidsgjevaren for dei med høgare utdanning i kommunen, og at kommunen såleis burde kjenne meir ansvar her. Ein måte å gjere dette på kan vere gjennom samarbeid med andre kommunar for å skape nye kompetansearbeidsplassar, til dømes innan helsevern.

Denne kvinna hadde *ei pragmatisk innstilling* til det å bu i Hardanger. Ho trivest og bur i ei fin bygd omgjeve av vakker natur, og ikkje minst eit godt og trygt oppvekstmiljø for barnet sitt. Samstundes ga ho klart uttrykk for at ho kan kome til å flytte dit arbeidsplassen hennar er når barnet er ute av heimen – «og heller nytte huset som hytte». Ho har ingen djupe bindingar til bygda og kommunen der ho no bur, ho er tilflyttar med røter i kommunen. For denne gruppa arbeidstakarar, kvinner med kompetanse og ressursar, kan utflytting bli ein realitet om det ikkje vert etablert relevante kompetansearbeidsplassar i kommunen eller i regionen. For kompetansearbeidsplassar bør den einskilde kommune truleg tenke utover kommunegrensene og søke samarbeid med nabokommunar.

Sitat frå Kommuneplan for Kvam herad 2015-2030. Samfunnsdelen

«Talet på arbeidsplassar i kommunen går ned, sjølv om folketalet har auka dei seinaste åra. Kommunen kompenserer for færre arbeidsplassar, med å vera ein del av ein større arbeidsmarknad, spesielt gjeld dette Bergen og omegn, samt Nordsjøen og oljenæringa. Av dei som pendlar, så er det fleire menn enn kvinner, og talet er aukande blant mennene. Pendlarane til Bergen og nærområdet omkring, har høgare utdanning enn dei som ikkje pendlar. Dette kan tyda på mangel på attraktive arbeidsplassar for dei med høgare utdanning internt i Kvam, og er med på å understreka kommunen sine kvalitetar som ein attraktiv bukommune».

4.2 Kort resymé

4.2.1 Pendling

Hardanger har relativt få arbeidstakarar som pendlar ut av regionen samanlikna med andre regionar i Hordaland, som Bjørnefjorden og Nordhordland, men ligg om lag på same nivå som Voss og Sunnhordland. Samstundes er Hardanger den einaste regionen i Hordaland som har færre innbyggjarar i 2017 enn i 1990. Folketalet i Hardanger har gått jamt nedover i fleire tiår.

Undersøkinga peikar i retning av at kvinner i noko større grad enn menn kan ha vanskar med å finne arbeid i kommunar i Hardanger, og at pendling til ein kommune utanfor regionen vert løysinga. Denne løysinga treng ikkje innebera langpendling. I mange høve vil pendlinga berre gå til ein nabokommune i Hardanger. Kvinnelege pendlarar jobbar i stor grad i offentleg sektor i nabokommunar. Dei fleste pendlarar bur ikkje saman med andre som pendlar, men nokre gjer det.

Undersøkinga gjev ikkje grunnlag for å hevda at pendling medverkar til å hindre vidare utflytting. For nokre næringsgrupper er det slik at det går føre seg krysspendling; med andre ord at arbeidstakarar som jobbar innan same næringsgruppe pendlar både ut av og inn til Hardanger. Det er særleg i yrke innan offentleg sektor som utdanning, helse/sosial og offentleg forvaltning dette skjer. Dette er typiske pendlingsmønster innan ein bu- og arbeidsmarknadsregion. Alle kommunane i Hardanger inngår i ein bu- og arbeidsmarknadsregion med nabokommunar utanfor Hardanger. Med unntak av Bergen og bergensregionen utgjer ingen av dei andre nabokommunane store arbeidsmarknader for hardingane. Dersom det er kortare i tid å pendla til ein nabokommune utanfor Hardanger, enn til ein annan kommune i Hardanger, så vel ein nabokommunen om alternativa er likeverdige.

4.2.2 Bulyst

Dei som pendlar gjer dette av di dei av ulike årsaker ynskjer å bu der dei bur. Dei har *bulyst*. Undersøkinga vår viser at kva dei oppfattar som *trygge og gode* omgjevnadar (serleg med tanke på barn og unge), saman med ein kombinasjon av landskap (fysiske omgjevnadar og dei moglegheiter for utfalding som dei gjev grunnlag for) og relasjonar (familie og vener – mest familie) som gjer at dei vel å bu i Hardanger. Desse tilhøva står fram som viktigare enn kva kommunen eller regionen kan by på av offentlege tenester, kulturtilbod og varetilbod i butikkar. Ein økonomisk faktor som bustadprisar ser ut til å tyda mindre i avgjerda om å bu der dei bur.

Argumenta for å villa bu på ein stad, det vera seg i ei grend, i eit bustadfelt, i ein kommune eller i ein region, er sjølvstekt mangfaldige og speglar gjerne kvar ein står i livsfasen og kva tilknytning ein har til staden. I undersøkinga vår identifiserte vi to ytterpunkt for «bulyst»; den *eksistensielle* og den *pragmatiske*. Den eksistensielle pendlar vil bu i kommunen av di det er «her eg høyrer til». Desse pendlarane har vakse opp i kommunen, gått på skule der, har slekt og vener der og har viktige minne frå denne tida. Den pragmatiske pendlar bur i kommunen/grenda av meir instrumentelle årsaker; som t.d. gode oppvekstmiljø for barna. Desse pendlarane har gjerne ikkje vakse opp i kommunen, og dei er tilbøyelege til å flytta dit arbeidsplassen er når barna er store nok – om dei då ikkje får ein like attraktiv jobb i regionen.

4.3 Refleksjon

Undersøkinga har gjeve grunnlag for nokre refleksjonar kring folketalsutvikling og pendling.

Refleksjon 1:

Hardanger har relativt få arbeidstakarar som pendlar ut av regionen, jamført med andre regionar i Hordaland som Bjørnefjorden og Nordhordland, men ligg om lag på same nivå som Voss og Sunnhordland. Kvifor er det slik?

Er det av di dei fleste som ikkje får arbeid i Hardanger anten har flytta ut eller ikkje vender attende etter endt utdanning, med andre ord at det er ein samanheng mellom låg utpendlingsdel, høg utflyttingsdel og låg attendeflyttingsdel? (Implisitt i dette resonnementet er at dei fleste kommunane i Hardanger er lite integrerte i større arbeidsmarknader, ein situasjon som lett favoriserer utflytting framfor pendling eller trygd). - Eller indikerar låg prosentvis utpendling heller at Hardanger, eller delar av Hardanger, i stor grad er «sjølvforsynt» med arbeidsplassar tilpassa arbeidstakarane slik at dei slepp pendla ut? Eller er det kanskje begge delar?

Refleksjon 2:

Er det slik at høgt utdanningsnivå blant utpendlarar indikerar at Hardanger er attraktivt som buområde for dei med høg utdanning? Med andre ord at Hardanger kan by på så mange kvalitetar at ein vel å pendla for å kunna bu der? Eller er det slik at dei med høg utdanning pendlar ut av di det ikkje er arbeid i regionen tilpassa deira utdanning og kompetanse? Eller er det kanskje begge delar?

Refleksjon 3:

I eit mobilt samfunn som det norske er arbeidsreiser over kommunegrenser ikkje uvanleg, og det er truleg det *mest* vanlege i mange regionar. Ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion er kjenneteikna med arbeidsreiser *mellom* kommunar i regionen. Dei som pendlar ut av Hardanger gjer dette anten av di dei ikkje får relevant arbeid der dei bur, eller har ein meir attraktiv jobb utanfor regionen, samstundes som dei av ulike årsaker vel å bu i Hardanger. Pendling er ein strategi for at husstanden kan bu der han bur.

Ein kan då stilla spørsmål om det utgjer ein skilnad å pendla under 30 minutt til ein nabokommune som ligg utanfor Hardanger, i høve til å pendla 30 minutt til ein kommune som ligg *i* Hardanger? Majoriteten av utpendlarar frå kommunar i Hardanger pendlar til nabokommunar like utanfor regionengrensa, til Bergen litt lenger unna - eller dei er langpendlarar med arbeidsplass i Nordsjøen, på Austlandet eller i Stavangerområdet. Vi har ikkje rekna på det, men truleg er dei fleste arbeidsreisene ut av Hardanger – om vi ser bort frå langpendling - på vel ein time (frå Kvam til Bergen) eller kortare (som t.d. frå Odda til Rosendal eller frå Granvin til Voss). Etter vår vurdering ligg slike arbeidsreiser innanfor akseptabel reisetid for dei fleste, særleg når reisetid vert vurdert opp mot tanken på å flytta.

Referansar

Aure, Marit, Nina Gunnerud Berg, Jørn Cruickshank og Brit Dale(red.) (2015): *Med sans for sted. Nyere teorier*. Fagbokforlaget. Bergen.

Engesæter, P. og Fredriksen, O.F. (2002): Regionfelt Østlandet. Temauredning Samfunn. Deluredning - Befolkning, boliger og fritidsboliger, *bopreferanser og flytting*. Østlandsforskning/Civitas. ØF-Rapport nr. 04/2002;

Grimsrud, G.M. & M Aure 2013: Tilflytting for enhver pris? En studie av tilflyttingsarbeid i norske distriktskommuner. Ideas2evidence rapport 4/2013.

Julsrud, T.E. & B. Langslet (2013): *Langpendling fremfor flytting? Langpendling som en mobilitetsstrategi inorske husholdninger 1999-2006*. TØI rapport 1274/2013.

Relph, E.(1986): *Place and placelessness*. Pion Ltd. London.

Ruud, M.E., Schmidt, L. m.l. (2014): Boligpreferanser i distriktene. NIBR-rapport 2014:1

Skjeggedal, T., Engesæter, P. og Amdam, J. (2001): Tettsteder i distriktene – situasjon og muligheter. Nord-Trøndelagsforskning/Østlandsforskning/Møreforskning;

Vareide, K. Kobro, L. og Storm, H (2013): Programteori for attraktivitet. Sammendragsrapport. Telemarksforskning. TF-notat nr.13/2013;

Sørli, K. (2009): Bolyst og stedsattraktivitet – motiver for å flytte og bo i distriktene. NIBR-notat 2009:111

Statistikkjelder:

Hordaland fylkeskommune: *statisstikk.igest.no*

NHO Kommunebarometeret

Statisk sentralbyrå (SSB): statistikkbanken



IDEAS2EVIDENCE
Bygger kunnskap

